

Jens Kihl | Kjetil Magne Sørenes  
politikk@klassekampen.no

## POLITIKK

# Solberg møtte unge besøksvenner

**PROSJEKT:** Statsminister **Erna Solberg** (H) besøkte fredag Stovner i Oslo for å treffe ungdommer i prosjektet Unge møter eldre. Solberg omtalte dette prosjektet i sin nyttårstale. Prosjektet startet opp i 2013 for å bidra til å øke trivselen på sykehjem og seniorsenter ved at lokale ungdommer regelmessig kommer på besøk til de eldre i bydelen. De unge og de eldre går tur sammen, spiller spill, bruker nettbrett og smarttelefoner, strikker, sitter sammen ved måltider og andre aktiviteter. Prosjektet er et samarbeid mellom Stovner Ungdomsråd og menighetene på Stovner, Høybråten og Fossum. På bildet går Solberg sammen med initiativtaker **Ali Al-Jabri**. **ONTB**



## Saharawi

■ Dersom ein norsk statsråd reiser til Nord-Noreg (og det ikkje er for å kaste ut syriske flyktningar i førti minusgradar), kan du vere ganske sikker på at hen legg ut eit bilete av seg sjølv saman med diktstrofene «Det er langt dette landet/ Det meste er nord»

av Rolf Jakobsen. I Marokko er det motsett: Det meste er sør – faktisk strekkjer

Marokko seg så langt sør at du etter ei stund kjem til Vest-Sahara. Eller okkupert Vest-Sahara, då. Om lag 18 timars busstur frå Marrakech (ta med varme klede, det er kaldt i ørkenen om natta) kjem du til hovudstaden El Aaiún (ta med tynne klede, der er varmt i ørkenen på dagen). Ein støvete og ganske stygg by med marokkanske flagg absolutt over alt.

■ Men før du kjem til El Aaiún, støyter du på noko rart: Ei grense som ikkje er ei grense. Marokkanarane insisterer på at okkupert Vest-Sahara er deira lovlege område. Dermed finst det inga grense. Pussig nok dukkar det likevel opp ei bu midt i ørkenen. Der må du vise fram passet ditt og fortelje kva du skal gjere. Sannsynet for at du blir sendt tilbake er ganske stor. Men det er ikkje ei grense, altså. Og han fyren som traskar seks meter bak deg gjennom heilt El Aaiún er ikkje frå det hemmelege politiet. Du kan tenkje på han som ein fan.

■ Sist veke blei ei rekkje norske ungdomspolitikarar kasta ut av okkupert Vest-Sahara. Denne veka vitja LO-leiinga dei saharawiske flyktningleirane i Algerie. Men den raudgrøne regjeringa gjorde ikkje stort for å sikre det saharawiske folket sin fridom. Og den blå regjeringa følgjer same spor. Vi har lite å vere stolte over.

■ Eit av verdas største landminefelt. Hundretusenvis på flukt. Folk i hemmeleg fengsel. Mangel på ytringsfridom. Også du, då. Og eit stort, marokkansk flagg.

Jens Kihl

## Regjeringas nye inntektssystem straffar komm

# Stor nok – få

**STRAFF:** Jan Tore Sanner vil straffa kommunar som er «frivillig små» økonomisk. Men det nye systemet går minst like hardt ut over kommunane som Sanner meiner er store nok.



Av Jens Kihl

Det er ikkje berre stormen «Tor» som uroar Høgre-ordførar Peder Sjø Slettebø i Kvinnherad om dagen. Regjeringas framlegg til nytt inntektssystem kan gje sunnhordlandskommunen 8,4 millionar kroner mindre å rutte med i året.

Meininga med det nye systemet var å stramme inn livreima hos kommunar som er «frivillig små», altså småkommunar med kort avstand til eit større sentrum.

**Men systemet slår minst like uheldig ut for dei mellomstore: Av landets 59 kommunar med mellom 10.000 og 20.000 innbyggjarar får alle saman mindre pengar med det nye systemet – trass i at dei er store nok, ifølgje regjeringa. Det viser eit nytt notat frå KS.**

Til saman kan denne gruppa tape 234 millionar kroner årleg.

– Vi er ikkje i den situasjonen at vi kan tape inntekter. Det kjem stadig nye oppgåver frå staten, og kostnadene aukar jamt, seier Slettebø.

Kvinnherad har om lag 13.000 innbyggjarar og har valt å stå åleine. Statsminister Erna Solberg har feriehus i den langstrekke kommunen, og både ho og kommunalminister Jan Tore Sanner har vore på vitjing hos den relativt ferske ordføraren.

– Meinte dei at Kvinnherad burde slå seg saman med naboane?



Peder Sjø Slettebø

### FAKTA

#### Nytt inntektssystem:

- Skatteinntekter og rammetilskot utgjer om lag 75 prosent av kommunanes inntekter.
- Til saman står kommunesektoren for om lag 18 prosent av brutto nasjonalprodukt.
- Regjeringa har tidlegare varsla at dei vil leggje fram eit nytt inntektssystem for kommunane, som skal oppmuntre til å nå måla i kommunereforma.
- No er regjeringas utkast sendt på høyring. Ein endeleg versjon blir lagt fram for Stortinget i kommuneprosposisjonen seinare i vår, der regjeringa må forhandle med dei andre partia.
- Ap og Sp har allereie varsla at dei er negative til endringane.

– Nei, eg fekk ikkje inntrykk av det, forklarar Høgre-mannen.

#### Komplisert matte

Ein skal vere over middels interessert i kommuneøkonomi for å ville setje seg inn i det nye strukturkriteriet reiselengd. Enkelt forklart handlar det om at kommunar med kort avstand til 5000 innbyggjarar skal få mindre pengar, medan kommunar med lang veg skal få meir. Slik skal kommunar som ligg kort frå kvarandre bli stimulert – eller piska – til samanslåing.

**Dermed kjem faktisk 106 av 158 kommunar med mindre enn 3000 innbyggjarar ut i pluss, viser tal frå KS. Men også der i huset stussar fleire på at dei mellomstore kommunane blir straffa økonomisk, får Klassekampen opplyst.**

Det er dei verkeleg store kommunane som kjem godt



**FART I SAKENE:** Kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner kan gle seg over mange samanslåingsavtalar. Men det nye inntektssystemet kan bremse opp reforma.

FOTO: BERIT ROALD, NTB SCANPIX

ut av framlegget: Av dei 55 kommunane med over 20.000 innbyggjarar, vil berre sju tape på det nye kriteriet.

#### Fart i forhandlingane

Klassekampen har i fleire rundar skrive om laber interesse for samanslåing ute i kommunane. Dette biletet er no i ferd med å endre seg: Ei lang rekkje kommunar ligg no i forhandlingar, og endå fleire kan kome.

Men dersom det nye inntektssystemet får påverknad på forhandlingane, kan resultatet altså bli annleis enn mange av reformtilhengarane hadde sett føre seg: Dei minste distriktskommunane får ingen nye insentiv til å slå seg saman. Det gjer heller ikkje folkerike kommunar i samanhengande storbyområde. I staden er det halvstore kommunar som no kjem dårleg ut.

politikk@klassekampen.no